

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på instituttrådsmøtet, og merknadene som kom innan fristen 13. februar 2009, er integrerte i referatet nedanfor. Dette er derfor det godkjende referatet frå rådsmøtet 4. februar 2009.

Møtedato: 4. februar 2009

Til stades:

Frå gruppe A: Ana Beatriz Chiquito, Malvin Fonnes, Margareth Hagen, Benedicte Irgens, Randi Koppen, Pernille Myrvold, Margery Vibe Skagen og Beatrice Sandberg.

Frå gruppe B: Maria Kari Soriano Salkjelsvik.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen og Kristin Skogedal.

Frå gruppe D: Stephan Daus, Inga Kjellesvik, David Y. Seetiangtham og Katarina M. Strømsheim.

I tillegg møtte instituttleiar Leiv Egil Breivik og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug, begge utan røysterett.

Sak 1 –innkalling og sakliste

Budsjettorienteringa går ut fordi vi framleis ikkje har fått budsjettbrevet frå fakultetet (sak 5). Innkallinga og saklista vart godkjende utan andre merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 26. november 2008

Referatet frå 26.11.2008 vert justert slik etter merknader frå Margareth Hagen:

- Denne setninga blir strøken under sak 4: "Hagen viste til at det hadde vore stor skepsis..... likevel teke med punktet om referansar".
- Under sak 5 blir det lagt til at Hagen måtte gå frå tidleg under drøftinga av denne saka.

Hagen har òg reist spørsmål ved praksisen med å leggja ut referata offentleg før dei er godkjente. Heretter blir praksisen slik: Referatet blir først sendt ut til møtedeltakarane med ei vekes merknadsfrist. Deretter vert referatet rekna som godkjent, og lagt ut offentleg.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Fakultetet si høyringsfråsegn om styrings- og leiingsformer er lagd ved møteinnkallinga. Instituttleiinga har dessutan sendt ut ei kort orientering til

instituttet med e-post 3.2. Koppen orienterte om drøftinga og vedtaket i fakultetsstyret. Ifølgje Koppen må universitetsstyret først opna for å skifta ut instituttrådet med eit instituttstyre, og så må eventuelt fakultetsstyret gjera eit nytt vedtak før ei slik endring kan bli gjeldande. I så fall må ein òg avklara forholdet mellom instituttleiaren og instituttstyret. Hagen viste til at denne saka har mange sider. Ho meinte at instituttrådet ved IF ikkje hadde behandla denne saka skikkeleg nok, og syntest òg det var uheldig at instituttet sende over referatet frå drøftinga som høyringsfråsegn. Koppen støtta denne innvendinga frå Hagen, og ho meinte det var uheldig å senda ved eit referat, særleg sidan dette ikkje var eintydig i noka retning. Koppen meinte instituttrådet burde ta sjølvkritikk og i framtida utforma skikkelege høyringsfråsegner som konkluderte med eit vedtak. Soriano støtta òg Hagen og meinte instituttrådet ikkje hadde gjennomført ein skikkeleg diskusjon om sjølve prinsippa i denne saka, ei drøfting som burde heva blikket ut over den konkrete situasjonen ved IF her og no. Breivik viste til at vedtaket om å gå inn for instituttstyre ikkje var skikkeleg presisert i protokollen frå fakultetsstyret, og han var glad for presiseringa Koppen kom med om prosedyren i saka. Breivik ønskte ein grundig diskusjon også om andre sider av strukturen, inkludert fakultetsstyre og fakultetsleiing. Sandberg syntest heile saka hadde vore for mykje styrd ut frå tanken i Giljeutvalet om at ein enno ikkje hadde gjort nok erfaringar til å gjera endringar.

- B. Instituttleiar Breivik orienterte om notatet om satsinga på dei små framandspråksfaga. Det er ikkje tale om eit nytt fagdimensjoneringsdokument men kommentarar han på kort varsel måtte gje etter ein førespurnad frå fakultetet. Definisjonen av småfag er ikkje klar, men det vert nok lagt til grunn ein kombinasjon av talet på tilsette og studenttalet.
- C. Instituttrådet er supplert med følgjande studentrepresentantar for resten av perioden H08/V09: Stephan Daus, Ingeborg Fredriksen, Inga Kjellesvik, David Y. Seetiangtham og Katarina M. Strømsheim (vara).
- D. Breivik orienterte om at det er 107 søknader til dei ti stipendiatstillingane ved HF, og minst 23 av søkjarane er knytte til IF. Prosessen vidare er slik at instituttleiar først oppnemner ein instituttintern komité, vurderinga frå komiteen vert så send til søkjarane, deretter innstiller og rangerer instituttleiar og sender saka over til fakultetet, der ein fagovergripande komité vurderer alle søknadene og legg saka fram til vedtak i fakultetsstyret.
- E. 23.-25. februar kjem det eit sendelag frå universitetet i Lancaster for å drøfta undervisnings- og forskingssamarbeid med instituttet og fakultetet.

Sak 4 – Framlegg om ny valperiode for dekanat og fakultetsstyre ved HF

Rådsleiar Sandberg viste til saksframlegget ho har skrive, og gav ei munnleg orientering i møtet. Instituttrådsleiarane for AHKR, IF, LLE og Griegakademiet har fremja saka om nyval våren 2009 for fakultetet. IF hadde sitt siste rådsmøte hausten 2008 tidlegare enn dei andre institutta, og av den grunn og av andre praktiske årsaker var ikkje saka drøfta i instituttrådet ved IF før ho vart fremja for fakultetet. Dette er det gjort nærare greie for i det skriftlege saksframlegget til instituttrådet. Fakultetsstyret har bede om nyval våren 2009, og universitetsstyret skal no ta stilling til om HF skal samordna valperiodane og gjennomføra val av dekan og fakultetsstyre allereie i vår. Sandberg ønskte at instituttrådet skulle røysta over spørsmålet.

Soriano syntest det var uheldig å avbryta den vanlege demokratiske prosedyren med eit nyval no i vår. Eit slikt nyval burde i alle fall vore støtta opp av ein sterkare argumentasjon.

Johansen undra seg over at saka dukka opp først no dersom siktemålet var å koma i takt med andre instansar ved universitetet. Han poengterte at det ved valet i 2007 var heilt klart at dekan og fakultetsstyret vart valde for fire år.

Inga Kjellesvik spurde korleis valdeltakinga frå studentane hadde vore, og Uthaug svara at denne alltid pla vera låg.

Uthaug meinte det var ekstraordinært å avbryta ein pågåande valperiode. Han kunne ikkje sjå at argumenta i framlegget til fakultetet om nyval hadde berekraft i seg til å byggja opp under eit slikt ekstraordinært tiltak. Når folk er valde for ein bestemt periode, bør både veljarar og dei som er valde, kunna leggja til grunn at denne perioden skal gjelda. Eit sekundært, men ikkje uvesentleg argument var at ein burde venta til utgangen av fireårsperioden og ta seg tid til å sjå den nye styringsstrukturen i samanheng, m.a. burde fakultetsstyret sin plass i strukturen vurderast grundig. Det var kanskje ein god idé å samordna valperioden med resten av universitetet, men dette kunne gjerast om to år. Uthaug la til at spørsmålet om dekanatet gjer ein god eller dårleg jobb, er ei heilt anna sak, og den typen spørsmål bør avgjerast ved ordinære val.

Koppen møtte som representant for Institutt for framandspråk i fakultetsstyremøtet 27.1, der saka om nyval vart drøfta. Ho syntest dette var ei vanskeleg sak og såg argumenta på begge sider. At spørsmålet ikkje hadde vore drøfta i instituttrådet ved IF, gjorde det heller ikkje enklare å ta stilling til saka i fakultetsstyret. Koppen var samd i at det er ekstraordinært å avbryta ein valperiode, men ho meinte fakultetsstyret hadde hatt ei grundig drøfting av saka. Det burde òg leggjast vekt på at heile gruppe A, minus ein person, saman med heile gruppe B og D støtta framlegget i fakultetsstyret. Ho viste òg til at medlemane av fakultetsstyret sjølve var villige til å tre av etter berre to år.

Breivik hadde respekt for vedtaket i fakultetsstyret og syntest instituttrådsleiar Sandberg hadde vore ryddig i denne saka sidan ho heile vegen hadde gjort det tydeleg at saka

ikkje hadde vore drøfta i instituttrådet ved IF. Samstundes var han langt på veg samd i argumentasjonen frå Uthaug. Dersom strategisk planlegging var argumentet, burde ein heller ha nyval i 2011 for ein avkorta periode på to år. Det hadde vore ryddigare å avgjera spørsmålet om valperiode anten før den noverande fireårsperioden tok til, eller ved avslutninga av denne perioden.

Hagen hadde kritiske merknader til høyringsfråsegna frå fakultetet fordi denne gong etter gong vektlegg at høyringsrunden er prematur, og dermed risikerer å gje inntrykk av at høyringsfråsegna frå HF bør tilleggjast lita vekt. Ho spurde òg om korleis instituttrådet skulle handtera eit eventuelt nyval: Bør ikkje instituttrådsleiaren og medlemen som blir valt til fakultetsstyret vera ein og same personen? Koppen støtta tanken om at instituttrådsleiar burde vera same personen som instituttet sitt medlem av fakultetsstyret.

Det kom i møtet fram ulike oppfatningar om noverande dekanus eventuelt kunne stilla som kandidat for ein ny periode ved nyval våren 2009. Uthaug meinte ein dekanus berre kunne sitja i to periodar. [Dette er sjekka opp i etterkant, og det korrekte er at funksjonstida kan vera opp til 12 år. Jf valreglementet paragraf 29-6: "Ingen kan gjenvelges som dekanus eller prodekanus hvis vedkommende vil ha fungert i dette vervet i et sammenhengende tidsrom på tolv år når den nye valgperioden begynner."]

Irgens spurde om konsekvensane av instituttrådet sitt vedtak i denne saka, og korleis dekanatet sjølv oppfatta spørsmålet.

Uthaug bad om skriftleg røysting i saka.

Vedtak (8 røysta for, 5 imot, 2 røysta blankt): Instituttrådet ved IF meiner at valperioden for dekanat og fakultetsstyre ved Det humanistiske fakultetet bør samordnast med dei andre fakulteta og UiB sentralt. Det bør arrangerast nyval på dekanat og fakultetsstyre våren 2009.

Sak 5 – Orientering om budsjettet for 2009

Saka vart utsett.

Beatrice Sandberg,

leiar av rådet

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef